



**Menneske er
viktigare enn
system.**

**Difor set Venstre
folk først.**

Iselin Nybø

1. kandidat, Rogaland Venstre



venstre

www.rogaland.venstre.no

Sats på kunnskap

Venstre vil :

- Gje lærarar rett og plikt til vidareutdanning.
- Innføre femårig lærarutdanning.
- Redusere skulebyråkratiet kraftig.
- Ha 1 000 fleire helsesøstre dei neste fire åra.
- Auke den norske forskingsinnsatsen.
- Auke løyvingane til Universitetet i Stavanger.
- Innføre 11 månaders studiestøtte og byggje 2 000 studentbustader årleg.
- Tilby barnehageplass til alle eittåringar gjennom to årlege opptak.
- Ha fleire vaksne i barnehagane.

I dag er det 15 000 ufaglærte lærarar i norsk grunnskule. Det vil gå over 30 år før alle lærarar får vidareutdanning. Det er ikkje godt nok. Venstre vil satse på lærarar og kunnskap.

Elevar skal bli sett, oppmuntrast og få tilpassa undervisning. Derfor vil Venstre ha eit krafttak for fleire, betre og enno meir motiverte lærarar. Venstre vil sikre alle lærarar høve til å ta etterutdanning og sørkje for at lærarane får meir tid til undervisning.

Forskning og høgare utdanning gir oss kunnskap som sikrar miljø, arbeidsplassar og velferd. Difor er satsing på kunnskap prioritert nummer éin for Venstre.





Ja til lærerar med tid til elevane
Ja til kompetanseløft for lærerar
Nei til byråkratisering av skulen

Anja Berggård Endresen var i 2011 nominert som Noreg sin kulaste lærar. Ho er tredjekandidat ved stortingsvalet.

Ta grønne val

Venstre vil :

- Bygge dobbeltspor til Egersund.
- Gjenopne Ålgårdbanen.
- Bygge bybane på Nord-Jæren.
- Seie nei til oljeboring utanfor Lofoten, Vesterålen og Senja.
- Innføre skattefritak for månadskort betalt av arbeidsgjevar.
- Avvikle pelsdyroppdrett.
- Satse offensivt på fornybar energi.
- Satse på samanhengande sykkelveggar.
- Etablere Preikestolen nasjonalpark.
- Styrke jordvernet.

I dag tek toget mellom Stavanger og Oslo lengre tid enn i 1975. Miljøvenleg samferdsle er avgjerande for å løyse klimaproblema. Difor vil Venstre ha eit betre, billegare og hyppigare kollektivtilbod. Det må bli enklare å ta grønne val.

Verda sitt forbruk av fossil energi er i ferd med å endre klimaet på jorda. Noreg har eit særleg ansvar for å kutte utsleppa og for å utvikle nye, miljøvenlege energiløysingar. Vi må ta vare på naturen, miljøet og ressursane våre for å sikre ei rein framtid.

Venstre vil innføre eit grønt skatteskifte. Vi vil ha lågare skatt på arbeid, og høgare avgifter på miljøfiendtleg åtferd.



A young man with glasses and a dark jacket stands on the left, holding a metal pole. A woman with long blonde hair and a black dress sits in the center, smiling. A man in a grey blazer sits to her right. They are inside a bus with green seats. In the background, a window shows a street scene with people and a sign that says 'KJØST'.

Ja til fleire bussavgangar
Ja til dobbeltspor til Egersund
Ja til gjenopning av Ålgårdbanen

Vis varme

Venstre vil :

- Kjempe mot barnefattigdom.
- Styrke helsetilboda innan rus og psykiatri.
- Leggje til rette for at partnerar kan bu saman på sjukeheim.
- Auke sosialhjelpsatsane og styrke ordningar som hjelper vanskelegstilte inn i arbeidslivet.
- Auke kompetansen og ressursane i barnevernet.
- Redusere unødvendig byråkrati i helsevesenet.
- Redusere ventetida ved sjukehusa.
- La lengeverande asylbarn få opphald i Noreg.



Skap verdier

Venstre vil :

- Endre skattesystemet slik at det blir meir lønsamt å drive, investere i og eige norske arbeidsplassar og verksemdar.
- Satse meir på næringsretta forskning og kunnskapsutvikling i bedriftene.
- Styrke dei sosiale rettane for sjølvstendig næringsdrivande.
- Redusere formueskatten og på sikt fjerne han.
- Auke tilgangen til risikokapital for gründarar og nye bedrifter.
- Kutte verksemdene sine rapporteringskrav og skjemaveldet med 25 prosent.
- Følgje handlingsregelen og føre ein økonomisk ansvarleg politikk.





Venstre vil ha Preikestolen nasjonalpark

Venstre vil verne Preikestolen ved å skape
Rogaland sin første nasjonalpark.

Våre kandidatar:

1. **Iselin Nybø** (32), Advokat, Stavanger
2. **Svein Abrahamsen** (42), Høgskulelektor, Haugesund
3. **Anja Berggård Endresen** (39), Lærer, Sola
4. **Kjartan Alexander Lunde** (26), Sivilingeniør, Stavanger
5. **Knut O Eldhuset** (58), Avokat, Sandnes.
6. **Nina Østebø** (43), Sjølvstendig næringsdrivande, Suldal.
7. **Vebjørn Halvfjerdvik** (18), Student, Vindafjord.
8. **Børge Brunes** (41), IKT-rådgivar, Klepp.
9. **Unni Fuglestad** (43), Lektor, Time.
10. **Øyvind Sandve** (31), Salssjef, Karmøy.
11. **Torunn Vestbø Gjerde** (43), Konsulent, Tysvær.
12. **Øyvind Misje** (43), Sjølvstendig næringsdrivande, Eigersund.
13. **Gro Skartveit** (48), Ordfører, Finnøy.
14. **Kenneth Gjesdal** (45), IKT-sjef, Lund.
15. **Ola S. Taksdal** (26), Student, Hå.
16. **Tove Frantzen** (49), Lærer, Sandnes
17. **Eirik Tangeraas Lygre** (18), Student, Sauda.
18. **Vanja Krüger Skogen** (18), Student, Sandnes.
19. **Torleif Lothe** (45), Seniorforskar, Haugesund.
20. **Per A. Thorbjørnsen** (61), Kommunalråd, Stavanger.

Les meir om kandidatane på:
rogaland.venstre.no



Utgangspunktet vårt er det enkelte mennesket sin personlege fridom og det ansvaret vi har for fellesskapen, for miljøet og for kvarandre. Difor er skule, miljø, verdiskaping og velferd dei viktigaste sakene våre ved dette valet.

Iselin er utdanna jurist og jobbar til dagleg som advokat. Ho er bystyremedlem i Stavanger og medlem av sentralstyret til Venstre. Ho har tidligare vore folkevald i Randaberg. Nå er Iselin klar for å reise til Oslo for å gjere Noreg grønare.

Stem Venstre 9. september!



www.venstre.no/rogaland

